


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: Kyrkjekontoret



Guds ord på hjartespåret!



Sist søndag hadde me bibeldag i kyrkja på Haga. Då var Alvild Vassel Eide med oss og fortalde mellom anna om bibelarbeidet som vart drive i Kamerun, då ho var der som misjonær.

(BideNMS)

Pere-folket var eit slavefolk på om lag 20 tusen. Herskarane tala fulani, og kalla Pere-folket for Kuttin-folket og språket deira for kuttin-språket. Kuttin betyr hund på fulani. Så Pere-folket var altså eit "hundefolk" i alle andre sine auge. Berre dei sjølve kalla seg med det eigentlege namnet.

Bibelen kunne dei lesa anten på fransk eller på fulani. "Men korleis kan du gje nokon fridomens evangelium på herskarane sitt språk?" spør Alvild. Nokre misjonerarar frå Noreg byrja i 1975 å omsetja nytestamentet til pere-språket. Og det første dei gjorde var å kalla det nye skrift-språket nett opp det. Ikkje noko hundespråk eller hundefolk lenger. Snart visste alle at det eigentlege namnet på folket var Pere. Det byrja å koma i bruk, og folket byrja reisa seg! Dei var Pere-folket og snart skulle dei få sitt eige skriftspråk! Det vart arbeidd i elleve år med å omsetja heile nytestamentet, sjølvsagt saman med innfødde pere-folk. Det var mykje som skulle avklarast. Først måtte dei bestemte korleis dei ulike lydane i språket skulle skrivast? Og korleis skriv du t.d. at Jesus er livsens brød,


når det ikkje finst noko ord for brød i språket? Men etter kvart som dei arbeidde, vart det gjeve ut små hefte både med bibeltekstar og med meir vanleg folkeopplysning. Folk var oppglødde over å kunna lesa på sitt eige språk. Sjølvkjensla steig.

4. mai 1986 var det ein stor fest på Pere-sletta. Nytestamentet var ferdig trykt, på deira eige språk. Jubileumsgudstenesta varde i fem timar! Og det Alvild hugsar aller best, er då den gamle muslimske imamen kom fram og heldt ei tale der han takka misjonerarane for det store arbeidet dei hadde gjort for å få "omsett Guds ord til perespråket". Ja, han sa verkeleg det. Og så ba han ei velsigningsbøn over dei nye bøkene.

Perefolket hadde fått Guds ord på hjartespåret sitt. Dei kunne møta Jesus på eit språk dei forstod fullt ut. Og dei hadde fått ei ny sjølvkjensle. "Fridomens evangelium" sette dette folket fri frå gamle "slaveband". Som den lokale presten der sa det: Folket vårt var forakta av menneske, men me er eit folk som er utvalde av Gud, for me har fått Guds ord på vårt eige språk!

"UT PÅ FREDAG"

Filmkveld i Haga-kyrkja



Ring kyrkjekontoret eller kantorane våre og meld dykk på!

"Ut på fredag" er eit initiativ for å skapa ein møteplass med eit anna innhald enn det me er vane med i kyrkja. Desse fredagskveldane kjem til å ha eit litt vekslende innhald, men annleis og spennande. Førstkomande fredag vert det filmkveld. Då skal me sjå bibelfilmen Jakob. Filmen skildrar dramaet mellom Esau og Jakob. Først vert det ei kort innleiing (ved Audun Aase) der filmen vert sett inn i ein historisk samanheng. Så ser me filmen før me etterpå kan utveksla inntrykk.

Filmen varer i 1t 34m.

frå kyrkjeboka



Døypete

25.12.07 –
Mattias Erdal Klausen



Vigde

31.12.07 –
Anne Mette Aadland
og Stein Odvar Kleppe



Avlidne

10.12.07 – Elsy Gjerde
14.12.07 – Ingrid Nordbø
21.12.07 – Leif Ove Bolstad

kyrkjekalenderen

Januar

Fre.25. kl.19.30 - Haga
"Ut på fredag"
– filmkveld med bibelfilmen "Jakob"

Søn.27. kl.11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
m. dåp

Februar

Søn.3. kl.18.00 - Haga
Gudsteneste
fastelavenssøndag
m. søn.skule og nattverd.
Kyrkjekaffi m. fastel.bollar

Fre.8. kl.19.00 - Haga
Medarbeidarfest

Søn.10. kl.11.00 - Ådland
Gudsteneste
m. nattverd

Søn.17. kl.11.00 - Haga
Lek gudsteneste
m. søndagsskule

Søn.24. kl.11.00 - Ådland
Familiegudsteneste
m. dåp

MEDARBEIDARFEST

Fredag 8. februar inviterer soknerådettilmedarbeidarfest i kyrkja på Haga. Då kjem Torill Hansen Kongsbakk og vert med oss. Ho leiar noko som heiter "Sesam" på Nest-tun. Dette er ein del av Fana bydel sitt kyrkjelege diakoniarbeid, og dei driv open barnehage, psykiatrisk dagsenter, eldresenter og "frivillighetssentral". Nokre av oss opplevde ho på ei medarbeidarsamling i Arna i november, og kan anbefala henne som inspirator! Temaet ho vil ta for seg er: "Den som vert sett, funkler!"

Det vert også song, musikk, varm mat og god til tid prat. Er du/ har du vore eller ynskjer du å verda medarbeidar i kyrkja, er du velkomen til festen. **NB! På grunn av maten treng me påmelding til kyrkjekontoret før onsdag 6.2 kl.15.00**

KORSONGARAR TIL "MINNEN DU SONGEN"

Du hugsar kanskje at Rune Larsen var med oss på ein songkveld i kyrkja på Haga i fjor? No prøver me igjen, med ein ny slik kveld. Denne gongen får me Rolf Aardal frå Laksevåg med oss i kyrkja. Som kantor i Laksevåg har han arrangert utallige "Hele menigheten synger", der. Han har med seg ein gjeng eldre "korgutar", eit skikkeleg mannskor! Vår eigen Knut Inge Røen vil syngja solo for oss, og så skal det sjølvsagt vera mykje allsong.

Til dette arrangementet treng me altså eit prosjektkor. Det vert øving tre torsdagar, og så songkveld fredag 7. mars. Prosjektoret skal både vera føresongarar, og syngja litt åleine. Dette er gamle og kjende songar, som er enkle å hengja seg med på! "Gamle songarar" får brev, men me tek svært gjerne imot nye!